

Om fysisk straff og andre skulesaker

Bygdefolket i Sandvik-krinsen har opp gjennom åra samlast for å drøfta skulehus, lærarar, fysisk straff i skulen, opprusting av skulevegen, lærebøker, målbyte m.m.

Dette går fram av ein protokoll for Sandvik og Rolsvåg krinsar som Samningen har fått tilgang til. Protokollen vart levert ut av Os skulestyre i januar 1890.

Før krinsen fekk sitt eige skulehus på Bakke, heldt skulen til i Djuvik, litt nærare Utskot.

Legemlig Straf

Krinsmøtet i januar 1890 valde tre menn som tilsynsutvalg for skulen. Dei hadde også oppe ei sak som handla om § 74 i skulelova, om «Legemlig Straf i Skolen». Det vart samrøystes vedteke at «Legemlig Straf bliver at anvende etter Samraad med og i Overvær af 2 av Tilsynsudvalgets Medlemmer efter at vedkommende Barns foreldre er blevne underrettet derom, og saaledes kan have Anledning til at overvære Handlingen.»

20 år før Sandvik skule vart bygd diskuterte dei om Djuvik eller Sandvik eigna seg best som skulestad. Til eit møte i desember 1891 har tilsynsutvalet målt nøyaktig opp skulevegen for dei to alternativa. Med

Sandvik som skulestad ville avstanden til bygdesenteret Gaupholm minka frå 2470 til 1750 meter. Men borna frå Ervik (utanfor Utskot) fekk lengre skuleveg – heile 4970 meter.

” Legemlig Straf bliver at anvende etter Samraad med og i Overvær af 2 av Tilsynsudvalgets Medlemmer efter at vedkommende Barns foreldre er blevne underrettet derom, og saaledes kan have Anledning til at overvære Handlingen.

Frå møteprotokollen for Sandvik og Rolsvåg krinsar, 1890

Protest mot lærebok

I 1892 godkjende tilsynsutvalet at Knut Tvedt vart tilsett som lærar i «Sandvig, Kværnes og Li Kredse». Læraren fordelte skuletida mellom Sandvik og Kvernes/Li. Skuleruta viser at læraren skulle undervisa i 38 veker til saman. Borna i Sandvik-krinsen fekk 13 veker skule om våren og 7 veker om hausten. Sommarferien byrja 7. juli og varde til 23. september.

I august 1893 vart det halde kombinert krinsmøte for Sandvik, Kvernes og Li hos Ole Brigtsen på Gaupholm. Mot ei røyst protesterte forsamlinga mot skulestyret sitt vedtak om å byta til ny katekismeforklaring. «Denne protest besluttedes sendt til skolestyret, overtilsynet og biskopen», heiter det.

«Skolehussagen»

På eit møte i Sandvik-krinsen i 1905 gjekk dei frammøtte inn for at det gamle skulehuset på Tysse skulle flyttast til Sandvik. Dei vart samde om å tilby kommunen fri grunn, og transport av det gamle lokalet.

Dette vart det ikkje noko av. I oktober 1910 var bygging av nytt skulehus tema på møte. Men oppsitjarane utanfor Djuvik ser ut til å ha protestert på å få forlenga skulevegen, og det vart ikkje teke noko avgjerd.

Fire dagar seinare heldt dei nytt møte. Skulehuskomiteen hadde «2 grunder til fals, den ene hos Kr. Bakke, den anden hos Nils Dybevik, hver til 300 kroner». Tomta på Bakke vart samrøystes vald. Bygdefolket teikna seg med bidrag til sløydkjellar. Det vart berekna 3 kroner per dagsverk.

Då «Skolehussagen» var oppe i august 1911, slutta dei frammøtte seg til at skulehuset skulle byggjast på «den av herredstyret paapekte grund». Truleg vart skulehuset ferdig og teke i bruk året etter, i 1912.

Upassande uttrykk

I mars 1913 vart Anna Bjørkelund vald inn i tilsynsutvalet. Det ser ut som dette var den første kvinna i dette vervet i krinsen.

I 1918 kalla tilsynsutvalet inn til møte i det nye skulehuset «angaaende lærerens forhold» i skulen. Det kjem fram at læraren kan ha brukt mindre passande uttrykk til einskilde skuleborn, og også snakka nedsetjande om foreldra deira. Dei som er til stades på møtet vil på det sterkaste oppmoda læraren om å ta seg i vare.

«Me maa daa i fellesskap søkja etter at det kan verta eit godt forhold mydlo lærarar og foreldre so me kan arbeida hand i hand med aa faa so mykje som moglegt gagn av skulen vaar», står det i protokollen.

Landsmål og fårleg skuleveg

Tveit var den første skulekrinsen i Samnanger som tok i bruk landsmaalet (nynorsk). Det skjedde i 1909. Målsaka vart drøfta på møte i Sandvik same året. Her røysta 33 mot og 15 for «landsmaalets indførelse». Ti år seinare hadde dette snudd. Då vart landsmålet innført med 17 mot 6 røyster. Steinsland og Tysse innførde nynorsk i 1938, som dei to siste krinsane i heradet.

Det aller siste referatet frå Sandvik i protokollen er frå eit møte i desember 1957. Då har foreldre på Utskot bede om at det må gjerast noko med skulevegen til borna deira. Same morgonen hadde det vore synfaring ved gruvo i Utskot-lia. Tilsynnemnda kom til at det var livsfarleg å ferdast på denne vegen om det var is og holkeføre, og foreldra meinte at borna i slike tilfelle måtte haldast heime frå skulen.

Slekters gang i Sandvik



LEON FAUSKE i skulestova. Saman med sonen Asbjørn pussar han opp den gamle skulen til fritidsbustad.

For meir enn hundre år sidan bygde Kristian Bakke m. fl. det første og siste skulehuset i Sandvik-krinsen. No legg oldebarnet Leon Fauske frå Bergen ned eit stort arbeid i å pussa opp gamle-skulen, som lenge har stått til nedfalls.

ANNE LIV HAUKANES

Tomta til skulehus vart skilt ut frå bruket til Kristian Bakke eit stykke ovanfor gardstunet. Frå Utskotvegen går det framleis berre ein sti opp hit, men det er laga køyreveg ned frå vegen mot Sævell. Sandvik skulekrins strekte seg frå bygdesenteret Gaupholm til grensa mot Fusa.

Skulen vart lagt ned i 1964. I åra etter vart han nytta som grendahus.

Snikkarverkstad

I 1992 kjøpte Kåre Bakke, barnebarnet til Kristian, eigedommen frå kommunen. Kåre døydde i 2010, og hadde ikkje eigen familie. No er det etterkomarane etter søster hans, Margit (mor til Leon Fauske), som har teke over. Skulehuset er det barnebarnet



GAMLE SANDVIK SKULE, med skykkje og utedo i «vetlahuset» til høgre.

Asbjørn som eig. Det skal brukast til fritidsbustad.

Kristian Bakke hadde snikkarverkstad nede ved fjorden. På 1960-talet bygde sonen Lars ny verkstad oppe ved den nye vegen til Utskot. Kåre Bakke tok over både bruket og verkstaden. Leon Fauske, som er utdanna bygningsingeniør, eig no verkstaden, og nyttar sager og anna teknisk utstyr i arbeidet med det gamle skulehuset.

Tre etasjar

Bygget har tre etasjar: Kjellaren,

der det var sløydsal. Hovudetasjen med skulestove og lærarrom – her er det ekstra høgt under taket. Og til slutt eit husvære på lemnen, truleg tenkt som lærarbustad. Den forseggjorte trappa opp til lemnen er det Kristian Bakke som har laga.

– Aller mest arbeid har det vore med kjellaren. Her har me drenert vekk vatn og støypt nytt golv, og sett inn nye vindauge, fortel Leon Fauske. Dei har elles fått tetta lekkasjar i taket og skifta ut rote treverk.

Nokre av tømmerveggane skal

stå som dei er, andre veggjar og taket vert målt. Her har dei hyrt inn hjelp. Fagfolk har også skifta ut heile det gamle elektriske anlegget.

Laga kva det måtte vera

På byrjinga av 1900-talet arbeidde mange menn frå denne delen av bygda som sjøfolk, men det var også fleire som dreiv som snikkarar i tillegg til å ha eit lite gardsbruk.

– På Løype (med bruket Bakke) laga dei dører, glas, trapper, høvelbenkar, golvklokker og rokkar, ja, kva det måtte vera, fortalde Solveig Tveit Nygård i eit kåseri om Sandvik-krinsen i 2007.

Før det kom veg til Bakke, vart både materialar og ferdige produkt frakta med båt. I sjøbua var det ein kran som dei heiste tunge ting med, fortel Leon Fauske. Han trur namnet Løype kan koma av at dei på denne staden hadde løypestreng frå sjøen og opp den bratte lia.

«Verdas navle», sa Solveig om Gaupholm. Her opna Brigtsen landhandel i 1869. Seinare fekk dei post og dampskipsekspedisjon, og i 1928 telefon.

Framhald neste side



SKULEBILETE FRÅ ANDVIK I 1935: Framme frå venstre: Margit Bakke, Olava Ervik, Anna Øpstebø, Solveig Lie, Aslaug Ervik, Agnes Sandvik, Birgit Espelid og Jenny Sandvik. Bak f.v.: Lars Espelid, Einar Lie, Einar Espelid, Reidar Sandvik, Ole Harald Lie, Jørgen Jørgensen, Norodd Sandvik, Leif Utskot, Ole P. Tysse, Tomas Øpstebø. Læraren er Engel Lie.



MARGIT FAUSKE (snart 93) i leilegheita på Laksevåg. Den store veggklokka er det far hennar, Lars Bakke, som har laga.



LARS ESPELID (94) i det nye husværet sitt på Haga.

Møt to som har gått på Sandvik skule

Margit Fauske (tidlegare Bakke) og Lars Espelid var elevar ved Sandvik skule på 1930-talet. Dei gjekk på skule i sju år, med Engel Lie som einaste lærar.

ANNE LIV HAUKANES

– Skulehuset vart bygt av bestefar Kristian Bakke og Tomas Øpstebø. Også far min gjekk på skule her, fortel Margit (snart 93). Sjølv flytta ho til Bergen som ung. Lengste tida har ho budd på Landås i lag med mannen Oskar Fauske, som døydde for nokre år sidan. No bur ho i ei leilegheit på Laksevåg.

Småskulen og storskulen

På Bakke hadde dei gard med tre kyr og sauer m.m., i tillegg til snikkarverkstaden nede ved fjorden. Far til Margit, Lars, var ein flink treskjerar. Truleg er det mange samningar som har golvklokker etter han.

Margit likte å gå på skulen, og ho hadde kort skuleveg. Skulen var to-delt, dei tre yngste årgang-

ane hørde til småskulen og dei fire eldste til storskulen. Sidan begge klassane gjekk annankvar dag, medrekna laurdag, kunne dei ha den same læraren og det same klasserommet (skulestova). Det mindre rommet attmed var det læraren som brukte.

Lærar Engel Lie budde på Gaupholm, og gjekk til fots til og frå skulen kvar dag. I leilegheita på skulelemmen budde Anna Nygård med familie.

Margit fortel at ho likte seg på skulen. – Me var ca. 20 i storskulen og 15 i småskulen, fortel ho.

Skuledagen starta alltid med song. Sidan Margit budde så nær, kunne ho gå heim og eta middag i pausen midt på dagen. I friminutta leikte dei m.a. med ball – men ikkje fotball. Skulen var slutt klokka fire, fortel ho.

Arbeid i butikk

Etter folkeskulen gjekk Margit på handelsskule i Øystese, og jobba ei stund på butikk i Norheimsund. Deretter flytta ho til Bergen og



BRUKET PÅ ESPELID, måleri av Lars Espelid frå boka «Arbeid og levemåte på Espelid» ved Arne Høyland.

arbeidde i ein manufakturforretning i Strandgaten i mange år.

På fritida var Margit og Oskar Fauske og dei to sønene mykje i Samnanger, og i 1967 fekk dei seg hytte i utkanten av bruket.

Også Oskar hadde slektsrøter i Samnanger.

– Bestmor hans var samning, fortel Leon Fauske, som er interes-

sert i lokalhistorie og driv med slektsgransking.

På skulesti frå Espelid

Lars Espelid (94) vaks opp på Espelid i Sandvik-krinsen. Han etablerte seg med hus og heim på Haga, saman med kona Ingeborg. Etter at Ingeborg døydde no i haust, har Lars flytta inn i eit mindre husvære.

Han tykkjer ikkje det er lett å venja seg til å vera åleine.

Lars vaks opp med fem brør og ei søster på Espelid, høgt over fjorden. Dei hadde fem mjølkekyr og ca 20 sauer på bruket.

På skulevegen hadde han følgje med den yngre søstera Birgit. Han fortel at dei hadde fleire stiar å velja mellom. Til vanleg brukte dei ca. 20 minuttar på å gå ned til skulen, men det tok lenger tid å koma seg heim att.

På skulebiletet har Lars på seg tresko. Far hans laga tresko til familien. – Me hadde også bekarar som me gjekk med om vinteren, og sko av gummi, fortel han.

Likte best å teikna

Det var varmt og godt i skulestova når borna kom. Ei kone hadde ansvar for å fyra tidleg om morgonen. Til liks med Margit treivst Lars på skulen. Han tykte lærar Engel Lie var ein koseleg kar, men han kunne også vera streng.

Lars hadde med seg niste på skulen. Når det regna, søkte borna ly i vedskjulet.

Han strevde med å skriva stil, men

likte veldig godt å teikna. På skulen lærde dei å teikna etter mønster. – Du skal bli arkitekt, du, sa læraren til han.

Borna hadde lekser som dei måtte lærar utanåt, ofte forteljingar frå bibelsoga.

Juletefestar

Skulehuset vart også brukt til møte, basarar m.m. Spesielt minnest Lars Espelid juletefestane med langbord og mat i kjellaren – og gang rundt juletre-et oppe i skulestova.

I sløydkjellaren vart det halde kurs. Lauritz, ein av dei eldre brørne til Lars, gjekk på sløydkurs med Lars Vikøren etter folkeskulen. Vikøren var kjend for å vera ein flink treskjerar.

Lars Espelid fekk ikkje gå på kurs i Sandvik, men som 16-åring reiste han til Os for å gå i lære hos Johannes Moberg. Sidan fekk han opplæring i treskjerjing og snikkarfaget fleire stader. I ein periode arbeidde han ved Lars Lid sin møbelverkstad på Gaupholm. I 1950 tok Lars Espelid sveineprøven i møbelsnikkarfaget.

Møt to som har gått på Sandvik skule

Margit Fauske (tidlegare Bakke) og Lars Espelid var elevar ved Sandvik skule på 1930-talet. Dei gjekk på skule i sju år, med Engel Lie som einaste lærar.

ANNE LIV HAUKANES

– Skulehuset vart bygt av bestefar Kristian Bakke og Tomas Øpstebø. Også far min gjekk på skule her, fortel Margit (snart 93). Sjølv flytta ho til Bergen som ung. Lengste tida har ho budd på Landås i lag med mannen Oskar Fauske, som døydde for nokre år sidan. No bur ho i ei leilegheit på Laksevåg.

Småskulen og storskulen

På Bakke hadde dei gard med tre kyr og sauer m.m., i tillegg til snikkarverkstaden nede ved fjorden. Far til Margit, Lars, var ein flink treskjerar. Truleg er det mange samningar som har golvklokker etter han.

Margit likte å gå på skulen, og ho hadde kort skuleveg. Skulen var to-delt, dei tre yngste årgang-

ane hørde til småskulen og dei fire eldste til storskulen. Sidan begge klassane gjekk annankvar dag, medrekna laurdag, kunne dei ha den same læraren og det same klasserommet (skulestova). Det mindre rommet attmed var det læraren som brukte.

Lærar Engel Lie budde på Gaupholm, og gjekk til fots til og frå skulen kvar dag. I leilegheita på skulelemmen budde Anna Nygård med familie.

Margit fortel at ho likte seg på skulen. – Me var ca. 20 i storskulen og 15 i småskulen, fortel ho.

Skuledagen starta alltid med song. Sidan Margit budde så nær, kunne ho gå heim og eta middag i pausen midt på dagen. I friminutta leikte dei m.a. med ball – men ikkje fotball. Skulen var slutt klokka fire, fortel ho.

Arbeid i butikk

Etter folkeskulen gjekk Margit på handelsskule i Øystese, og jobba ei stund på butikk i Norheimsund. Deretter flytta ho til Bergen og



BRUKET PÅ ESPELID, måleri av Lars Espelid frå boka «Arbeid og levemåte på Espelid» ved Arne Høyland.

arbeidde i ein manufakturforretning i Strandgaten i mange år.

På fritida var Margit og Oskar Fauske og dei to sønene mykje i Samnanger, og i 1967 fekk dei seg hytte i utkanten av bruket.

Også Oskar hadde slektsrøter i Samnanger.

– Bestmor hans var samning, fortel Leon Fauske, som er interes-

sert i lokalhistorie og driv med slektsgransking.

På skulesti frå Espelid

Lars Espelid (94) vaks opp på Espelid i Sandvik-krinsen. Han etablerte seg med hus og heim på Haga, saman med kona Ingeborg. Etter at Ingeborg døydde no i haust, har Lars flytta inn i eit mindre husvære.

Han tykkjer ikkje det er lett å venja seg til å vera åleine.

Lars vaks opp med fem brør og ei søster på Espelid, høgt over fjorden. Dei hadde fem mjølkekyr og ca 20 sauer på bruket.

På skulevegen hadde han følgje med den yngre søstera Birgit. Han fortel at dei hadde fleire stiar å velja mellom. Til vanleg brukte dei ca. 20 minuttar på å gå ned til skulen, men det tok lenger tid å koma seg heim att.

På skulebiletet har Lars på seg tresko. Far hans laga tresko til familien. – Me hadde også bekarar som me gjekk med om vinteren, og sko av gummi, fortel han.

Likte best å teikna

Det var varmt og godt i skulestova når borna kom. Ei kone hadde ansvar for å fyra tidleg om morgonen. Til liks med Margit treivst Lars på skulen. Han tykte lærar Engel Lie var ein koseleg kar, men han kunne også vera streng.

Lars hadde med seg niste på skulen. Når det regna, søkte borna ly i vedskjulet.

Han strevde med å skriva stil, men

likte veldig godt å teikna. På skulen lærde dei å teikna etter mønster. – Du skal bli arkitekt, du, sa læraren til han.

Borna hadde lekser som dei måtte lærar utanåt, ofte forteljingar frå bibel-soga.

Juletefestar

Skulehuset vart også brukt til møte, basarar m.m. Spesielt minnest Lars Espelid juletefestane med langbord og mat i kjellaren – og gang rundt juletre-et oppe i skulestova.

I sløydkjellaren vart det halde kurs. Lauritz, ein av dei eldre brørne til Lars, gjekk på sløydkurs med Lars Vikøren etter folkeskulen. Vikøren var kjend for å vera ein flink treskjerar.

Lars Espelid fekk ikkje gå på kurs i Sandvik, men som 16-åring reiste han til Os for å gå i lære hos Johannes Moberg. Sidan fekk han opplæring i treskjerjing og snikkarfaget fleire stader. I ein periode arbeidde han ved Lars Lid sin møbelverkstad på Gaupholm. I 1950 tok Lars Espelid sveineprøven i møbelsnikkarfaget.